

Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet 18. oktober 2024

Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet 18. oktober 2024

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg, signert 29.10.2024 med BANKID
- ANDRÉ HAUKÅS, signert 24.10.2024 med BUYPASS
- HELLAND, MORTEN, signert 24.10.2024 med BANKID
- Tislevoll, Wenche, signert 04.11.2024 med BANKID
- Vaage, Thea, signert 24.10.2024 med BANKID
- Kyvik, Øyvind, signert 31.10.2024 med BANKID
- Bakke, Synnøve, signert 04.11.2024 med BANKID
- Taranger, Bente Kari Sletten, signert 05.11.2024 med BANKID



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet

Fredag 18. oktober 2024 kl. 09.30 – 13.30, Fitjar Rådhus

Referatet vert godkjent elektronisk av Sunnhordlandsrådet.

Desse møtte:

Sunnhordlandsrådet:

Bente Kari Sletten Taranger	Austevoll kommune
Morten Helland	Bømlo kommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Etne kommune
Wenche Tislevoll	Fitjar kommune
Thea Vaage	Kvinnherad kommune
Øyvind Kyvik	Stord kommune
André Mundal Haukås	Sveio kommune
Synnøve Bakke	Tysnes kommune

Kommunedirektører/rådmenn:

Hogne Haugsdal	Austevoll kommune
Kjetil Aga Gjøsæter	Bømlo kommune
Steinar Dalland	Fitjar kommune
Jostein Førre	Sveio kommune

Frå administrasjonen:

Tora Haslum Myklebust	Region Sunnhordland
-----------------------	---------------------

Andre:

Hans Inge Myrvold	Stortingspolitikar Sp
-------------------	-----------------------

Orienteringar:

Hans Inge Myrvold	Stortingspolitikar Ap
-------------------	-----------------------

Bedriftsbesøk:

Fitjar Mekaniske AS v/ Hugo Strand og Geir Inge Isdahl

Saker:

- Sak 34/24 Godkjenning av sakslista
- Sak 35/24 Møte med Hordalandsbenken og departementa 2025 -sakslista
- Sak 36/24 Skriv og meldingar
 - a) Fagvegen v/ NAV og Vestland fylkeskommune
- Sak 37/24 Ymse

Sunnhordland, 23. oktober 2024

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

Dokumentet er signert digitalt av:

- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.04.1973), 24.10.2024
- ANDRÉ HAUKÅS (16.08.1988), 31.10.2024
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 24.10.2024
- Tislevoll, Wenche (27.09.1964), 04.11.2024
- Vaage, Thea (27.02.1996), 24.10.2024
- Kyvik, Øyvind (16.08.1988), 31.10.2024
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 04.11.2024
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 05.11.2024

Region Sunnhordland | Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes | A Postboks 444, 5403 Stord
Kontakt: Tlf. 971 492 910 | Org.nr. 971 492 910 | E post@regionsunnhordland.no | W regionsunnhordland.no

Forseglet av



- 1 -

Referat frå møte i Sunnhordlandsrådet

Fredag 18. oktober 2024 kl. 09.30 – 13.30, Fitjar rådhus

Sak 34/24 Godkjenning av sakslista

Samrøystes godkjent.

Sak 35/24 Møte Hordalandsbenken og departementa 2025 -saksliste

Den 14-15. januar skal Sunnhordlandsrådet til Oslo, for å ha møte med Hordalandsbenken og ulike departement. I møte blei det drøfta kva saker ein ynskjer å ta opp, og kva departement ein ynskjer å møte.

Det blir sendt førespurnad til følgande departement:

Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Energidepartementet, Finansdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet, Kunnskapsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Samferdselsdepartementet.

Sak 36/24 Skriv og meldingar

a) Pilotprosjekt FagVeg v/ NAV og Vestland fylkeskommune

NAV og Vestland fylkeskommune har plukka ut Sunnhordland til eit pilotprosjekt dei har kalla FagVeg. Prosjektet vil saman med eit utval kommunar og bedrifter, legge til rette for eit raskare og tilrettelagt faglærreløp for vaksne (19 år +) som har falt utanfor. I fyrste omgang er prosjektet på jakt etter bedrifter som kan og som vil være med på eit slikt pilotprosjekt. Når det er på plass, vil ein starte å rekruttere kandidatar, som kan ha nytte av eit slikt tilrettelagt løp.

b) Vestlandslegen

Sveio ordførar orienterte om satsinga Vestlandslegen. Vestlandslegen er ei satsing ved UiB og helseføretaka som skal sikre studieplassar og tal på legar som utdannast i Noreg. Det er eit samarbeidsprosjekt mellom universitet, høgskule, helseføretak og kommunar. Studiemodellen inneber at medisinstudentane tek dei tre første åra i Bergen, og dei tre siste i Stavanger, Haugesund eller Førde. Slik kan ein sikre at ressursar og kompetanse på heile Vestlandet kan byggast ut og takast i bruk i medisინutdanninga. Totalt skal 120 nye studieplassar ved UiB etablerast.

Stavanger universitetssjukehus var først ut til å tilby full klinisk medisინutdanning frå hausten 2023. Planlagt høvesvis 25 og 20 studieplassar til Helse Fonna og Helse Førde i 2029. Det er no klart at Helse Førde skal ta i mot si første gruppe på 20 medisinstudentar i 2028 og det vil vere 60 studentar etter tre år. I den opphavlege framdriftsplanen for utrullinga av den nye studiemodellen var Helse Fonna prioritert med oppstart i 2026 og dei første studentane inne i 2029. Det er estimert 25 plassar til Helse Fonna – til ei kvar tid 75 studentar i praksis her. Helse Fonna har med utgangspunkt i den kommuniserte opptrappingsplanen jobba over lengre tid med å førebu seg på å ta imot studentane, så det er svært uheldig at det blir skyvd fram i tid.

Det er ynskjeleg at det mobiliserast politisk for saka.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 29.10.2024
- ANDRÉ HAUKÁS (.), 24.10.2024
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 24.10.2024
- Tislevoll, Wenche (27.09.1964), 04.11.2024
- Vaage, Thea (27.02.1996), 24.10.2024
- Kyvik, Øyvind (16.08.1988), 31.10.2024
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 04.11.2024
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 05.11.2024

Forseglet av



Posten Norge

Sak 37/24 Ymse

a) Ferjer Kvinnherad

Fylkesdirektøren i Vestland fylkeskommune har lagt fram eit forslag om halvering av ferjetilbodet mellom Stord og Kvinnherad (Skjersholmane–Ranavik), og internt i Kvinnherad (Årsnes–Varaldsøy–Gjermundshamn). Framlegget vil ha svært store negative konsekvensar for heile regionen. Kvinnherad kommune la i møte fram forslag om å sende ein felles uttale for å behalde tal avgangar som det er.

Det blei i møte vedtatt at administrasjonen lager eit forslag til uttale, basert på innspel frå Kvinnherad kommune og sender den ut pr e-post for sakshandsaming i Sunnhordlandsrådet.

b) Øre-nase-hals praksis i Sunnhordland

ØNH-praksisen på Stord står i fare for å bli lagt ned. ØNH-praksisen, som har vore eit stabilt og essensielt tilbod i regionen sidan 1998, har tent innbyggerane i Sunnhordland på ein framifrå måte og fyller eit kritisk behov for pasientar frå Stord, Fitjar, Kvinnherad, Tysnes og Bømlo. Stord kommune la i møte fram forslag om å sende ein felles uttale for å behalde tilbodet.

Det blei i møte vedtatt at administrasjonen lager eit forslag til uttale, basert på innspel frå Stord kommune, og sender den ut pr e-post for sakshandsaming i Sunnhordlandsrådet.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Ekrheim, Mette Heidi Bergsvåg (03.09.1963), 29.10.2024
- ANDRÉ HAUKÁS (.), 24.10.2024
- HELLAND, MORTEN (03.04.1973), 24.10.2024
- Tislevoll, Wenche (27.09.1964), 04.11.2024
- Vaage, Thea (27.02.1996), 24.10.2024
- Kyvik, Øyvind (16.08.1988), 31.10.2024
- Bakke, Synnøve (01.06.1968), 04.11.2024
- Taranger, Bente Kari Sletten (03.10.1973), 05.11.2024

Forseglet av



Posten Norge